

Me kan rekne med meir enn ei tredobling av matvareprisane i kjølvatnet av årets tørke i Midtvesten. Spekulantane i Glencore feigar, dei fattige er makteslause.

Me må produsere meir mat

MAT

Bjørn Egil Flø,
Norsk senter for bygde-
forskning



Råvareselskapa feigar ein prisvekst på mat utan sidestykke i historia. Dei feigar tørken og forørkinga og folkeauken, dei feigar vestens kjøthunger, flaumskadar og dei dramatiske klimaendringane. Dei feigar energiknappleik og matkorn på tanken og dei feigar at alt saman bidreg til å sende pris-kurvane for matvarer til himmels og fylle lommebøkene deira med meir enn dei evnar å bruke. Og neste år ser ut til å bli deira beste år nokon sinne.

Spekulantane i Glencore – verdas største råvareselskap – drikk kvitvin og et kanapear i sine svale airconditionerte lokale i Bern. Medan fattige familiar ligg utarma og makteslause i slumbelta kring dei store byane.

Pinleg norsk ostesketsj

Takk vere ei varmebølgje i Midtvesten – verdas største kornområde – ser prognosane for neste år ut til å overgå alt me før har sett. 2013 kan gi oss ein prisauke på mat som får den norske debatten om tollsatsar på roqueforten til å stå fram som ein pinleg sketsj klipt ut av ein Monty Python-film.

Nær halvparten av mais-, soya-, bønne- og kveiteproduksjonen i Midtvesten var registrert som dårleg eller svært dårleg, og den totale produksjonen samanlikna med gjennomsnittsåra ligg på i underkant av 30 prosent. Me står overfor eit år der me manglar nær 120 millionar tonn korn eller kornekvivalentar.

Knapt med mat neste år

Samanliknar me situasjonen med 2010, då 40 prosent av Russland sine kornavlingar brann opp, går me altså inn i eit år der matknappleiken er meir enn tre gongar større enn kva den var då. Den gongen vart prisane på korn dobla som resultat av eksportstansen russarane innførte for å berge si eiga befolkning.

Enkel hovudrekning fortel oss at om USA vel å gjere det same, kan me rekne med meir enn ei tredobling av matvareprisane i kjølvatnet av årets tørke i Midtvesten.

Tørke og vatn

Set me dette saman med alle dei mindre, men likevel vel så alvorlege, situasjonane som me ser elles i verdas landbruk, er det ingen ting som tyder på at andre område kan bøte på avlingssvikten i USA.

I Wales og Midt-England står bøndene til knes i regnvatten og fleire stader i Afrika, særleg i Tsjad, vert matjorda vaska vekk under føtene på nær ein halv



TØRKE I KORNCAMRA: 2013 kan gi oss ein prisauke på mat som får den norske debatten om tollsatsar på roqueforten til å stå fram som ein pinleg sketsj klipt ut av ein Monty Python-film, skriv Bjørn Egil Flø. På biletet ei uttørka innsjø i Texas. ARKIVFOTO: TONY GUTIERREZ, AP

million menneske som alt har vore jaga på flukt etter månader og til dels år med utarmande tørke og konflikt.

Og tørt i Russland

Reiser me til Russland og Ukraina ser me at også i år har tørken herja hardt med avlingane som enno ikkje har kome seg på fote att etter skadeverknadene frå storbrannen i 2010.

Samtidig kan me lese i dei fargerike årsrapportane frå energiselskapa at det samla jordbruksarealet i verda som vert nytta til å produsere drivstoff til rikfolks SUV-ar har auka frå 7 til nær 9 prosent av verdas totale jordbruksareal.

Godt for Glencore

Og enno verre er det om me også

trekkjer inn den varsla kollapsen i verdas villfiskressursar. Berre for nokre månader sidan vart det lagt fram ein ny rapport som skisserer

ein framtidig kollaps av det vesle som er att av villfiskressursar kring om i store delar av verda. Alt dette, utan at me ser ut til å evne å gjere noko med det.

Alt fortel det oss at me gjer det meste feil. Om målet er å mette dei fattige i Maputos bakgater, så gjer me alt feil. Men sett med augo til Glencore derimot, så gjer me alt heilt rett.

Kjøtetting skapar krise

Det tykkjest vere stor semje om at verda treng mat. Ikkje berre her til lands, men over heile verda kjem det dagstøtt politiske

utspel om at me treng å produsere meir mat. Med ei veksende befolkning, endra matvanar og stadig meir ustabile produksjonstilhøve, lyt ein auke matproduksjonen med over 70 prosent innan 2050.

Slik sett er situasjonen lik den me hadde på syttitalet då den dåverande generalsekretæren i FN, Kurt Waldheim, kalla inn til Verdas matvarekonferanse i Roma. Det tyktest vere stor semje på møtet om at krisa var både kompleks og mangfaldig, og det vart drege fram tre hovudgrunnar for krisa: 1) usunn demografisk utvikling i store delar av verda, 2) ei fullstendig ignorering av behovet for å utvikle dei rurale områda i verda og 3) konvertering til kjøt som hovudkjelde for protein som følgje av velstandsauke.

Ustabil

Men lekse frå syttiåra vart aldri lærd. Problemet med usikker matvaretilgang er vel så utbreitt i dag. Først og fremst fordi me står overfor to nye og svært viktige trendar, som begge var fråverande då. Først: Kva rolle spelar ein no globalisert mat og finanssektor?

Hedgefond, jordoppkjøp og andre former for spekulasjonar i matvaremarknaden fungerer som «bensin-påkastarar» til «matprisbålet» og er med på å skape eit effektivt bidrag til intensiveringa av svolt, fattigdom og ustabilitet verda over.

Gjenoppliv eige landbruk

Det andre nye er at den utspelar seg i ei tid der effekten av klimaendringane trengjer seg stadig nærmare. Enno har me

fakta

Glencore

- Sveitsiske Glencore er verdas største råvareselskap og kontrollar i dag over halvparten av metall og mineralhandelen i verda og meir enn 10 prosent av mat og energihandelen.
- Selskapet har ei rekkje produksjonsverksemdar fleire stader i verda og leverer metall, olje, kol, naturgass og jordbruksprodukt til internasjonale kundar.
- I løpet av dei åtte første månadene i år omsatte Glencore korn for nær ein halv milliard NOK berre til Verdas matvareprogram (WFP).
- I august i år skapte Chris Mahoney – sjefen for jordbruksvarer hjå Glencore – reaksjonar då han uttalte at tørken i USA «is good for business».

langt frå sett konsekvensane av den globale oppvarminga, men frykta for konsekvensane og dei mange vitskaplege prediksjonane omkring krisepotensialet er uansett med på både å «snakke» temperaturen opp på jord- og matvaremarknaden og på å pervertere kriseforståinga.

Med det som resultat at dei landa som i dag alt er hardast råka av krisa, berre vil verte dregne endå lenger ned i draget av ei systemkrise. Den einaste sjansen dei har om dei vil redusere smertene åt eigne borgarar, er å gjenopplive eige landbruk.

Gnitne gjevarar

For etter kvart som krisa vert sterkare, vert også gjevarviljen til den vestlege verda svakare. Verdas matvareprogram er avhengig av rike gjevarar, men etter kvart som dei vert meir og meir gnitne, lyt FN's matvareprogram førebu seg på å kjøpe inn landbruksvarer lokalt.

Det har me også sett dei siste fem-seks åra, då prosentdelen lokale innkjøp utførde av matvareprogrammet har stige frå 13 til 30 prosent berre i Vest-Afrika.

Ekspløsjonen i matvareprisane stiller igjen spørsmål om den eigentlege rolla til landbruket. Det burde vere kjernen for arbeidet med å utvikle alt landbruk, både her heime som elles i verda. Ikkje eingong Verdsbanken greier å undertrykkje sanninga lenger.

Eit solid nasjonalt landbruk er lykelen til stabil matvaretilgang både nasjonalt og internasjonalt, og det trengst ei fornya kraft i satsinga på dei rurale områda i verda.